

FN sin barnekonvensjon

Artikkel 5 (kortform):

Staten skal respektere dei rettane og pliktene foreldra og andre føresette har for å gi barnet rettleiing og støtte slik at barnet skal kunne hevde rettane til konvensjonen.

«Usikkerheiten fyller rommet.»

Refleksjonsspørsmål:



DEL 1 Den/dei tilsette

- Kva trur du det kjem av at den tilsette blir fylt av usikkerheit knytt til kva ho bør gjere og korleis ho bør ordlegge seg? Har du egne erfaringar på situasjonar som gjer deg meir usikker enn andre?
- Den tilsette oppsøker mammaen nokon dagar seinare med spørsmålet: «Korleis har du det?» Det verkar som eit forløyssande spørsmål som får mammaen til å prate. I kor stor grad opplever du sjølv moglegheiter til dialog med foreldre?
- Når mammaen har bestemt seg for å sette grenser for Oskar, kva tenker du barnehagen og dei tilsette kan hjelpe og støtte mammaen med? Kva for moglegheiter tenker du ligg i gode relasjonar og dialog med foreldre?